

# Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA  
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2025 57. årg.

## Kickoff 2026 Uthaldande konfirmantar!

Side 14-15



Hausttakkefest



side 4

Slått på kyrkjebakken

side 12



Julemess i Brynekyrkja

side 13



Trusopplæring i  
kyrkjedane i Time

side 18-19

**BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN**

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77  
Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne  
Inngang frå Saronsbroet  
heimeside: www.timekyrkjene.no

post.time@kirken.no  
Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon Time og Undheim:  
Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77

Assisterende kyrkjeverje:  
Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjeverje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

Time  
Heimeside: www.timekyrkja.no  
Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874

Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102  
Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjeterar helg: Sondre Vassbø tlf. 954 18 820  
Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974

Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102  
Klokkar: Maren Dyngeland tlf. 905 65 198  
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus  
Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne  
Heimeside: www.brynekyrkja.no  
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708  
Menighetsarbeidar: Silje Myklebust tlf. 909 96 352

Dagleg leiar:  
Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080  
Vikar ungdomsleiar: Jon Torger H. Salte tlf. 984 16 231

Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504  
Kyrkjeterar helg: Johannes Høie Hetland tlf. 400 80 177

Kyrkjeterar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825  
Kyrkjelydsutviklar:  
Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

Undheim  
Heimeside: www.undheimkyrkja.no  
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346  
Sokneprest og prostiprest: Nadine Vaagen tlf. 413 91 649

Kyrkjeterar: Hans Undheim tlf. 900 37 560  
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157  
Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik tlf. 994 18 620

Time sokneråd: time.soknerad@kirken.no  
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@kirken.no  
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@kirken.no

Time sokneråd: time.soknerad@kirken.no  
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@kirken.no  
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@kirken.no

## SMILET SOM VARMAR

Sommar og ferie kan setja ned tempoet såpass at me vert meir oppmerksomme. I år sykla eg med gode venner i Alsace i Frankrike. På fredelege sykkelstiar lærer ein seg fort å seia *bonjour*. Franskmenn er høflege. Dei seier *god dag* til folk dei møter. Mykje meir enn våre norske sporadiske *hei*.

Seier du *bonjour* må du mest smila også. Det var fascinerande å oppdaga kor mange smil som møtte kvarandre på sykkelvegane. Smilte du, smilte ein ukjent. Smilte dei, smitta det i deg sjølv.

Livet vert betre når me deler eit smil, når ansikt møter kvarandre med *hei* og *god dag* og *korleis har du det*. Det skjer ikkje bare på sykkelveg i Frankrike. Også i norske fjellheimar. Og på pilegrimsvandringar. Me skal læra meir om det på kveldsgudstenester i Brynekyrkja i haust. Eg fekk ein god dose av slikt på kystpilegrimsleia fra Eigersund til domkyrja nå i august. For ein fest av delte smil framme ved målet og piligrims messa nå i jubileumsåret!

Smil varmar. Smil er å møta andre vennleg. Smil er kroppen sitt språk for glede og blikk: "Eg ser deg!" Smil er Gud sitt språk. Ordet for det er nåde, velsigning og fred. Når velsigninga vert lyst i kyrkja, er det Gud sitt smil som møter oss: «*Herren la sitt ansikt lysa over deg....*»

Det varmar å verta møtt med eit slikt smil. Slik det må ha varma då patriarken Jakob vart overraska då broren Esau ikkje hemna seg for urett: «For då eg såg andletet ditt, var det som eg såg Guds eige andlet; så venleg var du mot meg.» (1.Mos.33,10)

Det er himmel og jord på sitt beste med smil som varmar. Dess meir me utset oss for Gud sitt smil, dess lettare kjem det fram i oss. Paulus hadde forstått det og gjev oss alle den beste oppfordringa i Fil.4, medan han sjølv sit i fengsel:

*4 Gled dykk alltid i Herren! Endå ein gong vil eg seia: Gled dykk!*  
*5 Lat alle menneske få kjenna kor godhjarta de er. Herren er nær.*

*6 Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har  
på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med  
takkseiing.*

*7 Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara  
dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.*

Stein Ødegård - sokneprest i Bryne -



Framsidefoto: Kickoff 2026. Konfirmantane med melkespanna er frå venstre:

Matheo Busch Holen og Eivind Solbjørg-Torgersen. Foto: Ingfrid Time Nærland

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskstad.  
Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen AS. Frivillig kontingen til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen.time@kirken.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 3. november

## MIN SALME

TEKST: ANNE BRIT REE

**E**g har alltid likt å synga, ikkje minst i kyrkjebenkene. I Brynekyrkja med godt orgel og god organist. Kanskje opplever me ein flik av himmel - av og til, der me sit og syng.

Dette blir ikkje framsnakk av ein salme, for eg nyttar salmane etter som eg treng dei. Her kjem to salmar, ein eg sang mykje i når eg var yngre, og ein som passar betre for meg slik verda og livet mitt er nå.

I Suldal på påskeleir fekk eg -Å salige stund uten like... på hjernen, særleg vers to:

*Han lever, og jeg skal få bringe  
hans venner det salige ord-  
tenk, jeg som er ringest blant ringe...*

I dei siste åra har det blitt meir påtrengande at mange tolkar/brukar Guds ord til å rettferdigjere det mest utrulege. Eg kjenner meg hjelpelaus mot krig og undertrykking i Ukraina og Gaza. Heldigvis kunne kyrkjeklokkene ringe frå Brynekyrkja for alle som lir på Gaza.

Difor har eg i det siste gått til salmeboka for å finne ord og bøn for ei betre verd, ei betre framtid for dei mange som lir, både i krig og undertrykking på anna vis.




## Nynorsk salmekveld

I 2025 er det hundre år sidan Nynorsk salmebok vart gjeven ut.

Den nynorske salmeboka fekk svært mykje å seie for nynorsk som kyrkjemål og for nynorsken som samfunnsberande språk. Nynorsk salmebok vart laga av biskop Bernt Støylen, sokneprest Anders Hovden og biskop Peter Hognestad og dei brukte fire år på arbeidet. Boka hadde 711 salmar på nynorsk og salmar på bokmål.

Her i Time samarbeidar Jæren mållag og sokneråda om 2 kveldar med nynorsk salmekveld i haust:



Undheim kyrkje sundag  
2. november kl. 19

Salmekveld med Jorunn Undheim  
Allsong og solosong

Enkel kyrkjekaffi  
Arr: Jæren mållag og Undheim  
sokneråd

Bryne kyrkje fredag  
21. november kl.19.  
Ei musikalsk reise med nynorske salmediktatar  
Allsong og solistar  
Føredrag av Leif Hadland  
Enkel kyrkjekaffi.  
Arr: Jæren mållag og Bryne sokneråd

Svein Ellingsen sin salme frå 1977, nr. 720 i salmeboka, hjelper meg i tider som desse.

*Alt som lever, alt som trues,  
alt som er blitt knust til skår,  
bærer vi til deg, vår Skaper,  
jordens sår er dine sår.*

*O Herre, vi ber for din lidende verden.*

*Vi som fikk vårt liv som gave,  
har trådt livet under fot.  
Vi har brutt din viljes lover  
i vårt blinde overmot.*

*O Herre, som skyldnere ber vi om nåde.*

*Gud, du ser din skapnings lengsel  
etter dagen du lar gry,  
når det skapte, løst fra treldom,  
skal se jorden født på ny.  
O Herre, la håpet få leve i verden!*


**Salme og bøn!**



# HAUSTTAKKEFEST

Hausstakkefest er ei takkegudsteneste for avlinga som jorda har gjeve dette året. Denne festen er blitt feira i Den norske kyrkja sidan 1899. I mange kyrkjer vert hausstakkefesten feira i samband med Mikkelsmesse som er 29. september. Kornnek, grønsaker, frukt og blomar vert tekne inn i kyrkja under gudstenesta. Den norske kyrkja har ei eiga bønn for denne dagen og eigne bibeltekstar.

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD FOTO: PRIVAT



## Time kyrkje

I Time kyrkje er det lang tradisjon for å takka for grøda ved å bera henne fram i kyrkja. Karin Lima Friestad i Bygdekinnelaget fortel:

– Bygdekinnelaget (tidlegare Bondekinnelaget) har pynta i kyrkja sidan 1960-talet. Bjørn Bue og arbeidet hans med det som etter kvart vart Rogalandsgarden i Kamerun, var nok avgjerdande for at dette starta. Dei pynta heile kyrkja. Nokre år var 4H og Fotland barnehage med. Ungane bar inn korger med frukt og grønsaker.

Me tenkjer det er viktig å visa alt som blir dyrka fram, men og det som veks vilt i naturen som kan brukast til mat eller fryd for auga.

Det har vore ei gild oppgåve for alle som har vore med. Mange har glede seg til pyntinga i kyrkja. Dei

har gjerne gjennom heile året tenkt på korleis dei vil pynta.

Ragnhild Dyngeland fortel i boka «På kyrkjeveg-Time kyrkje 1859-2009»

«Som bonde har eg òg naturen og skiftingane i årstidene heilt innpå livet, og dette samspelet har det vore godt å leva i. I hausttakkefesten er dette samspelet særstyddeleg. Bygdekvinneleget pyntar kyrkja så frodig og flott med blomar og avlingar av ulike slag.»

Bygdekinnelaget set stor pris på å ha ei slik oppgåve, seier Karin Lima Friestad. I alle år har mennene i bondelaget vore med og hjelpt til. No er jo både kvinner og menn bønder i bondelaget. Dei siste åra har me gjort det slik at bygdekinnelaget og bondelaget har ansvar annakvart år.

Hausstakkefesten er ei guds-

teneste som mange medlemmer både i bygdekinnelaget og bondelaget deltek på.

## Barnehagen i Bryne kyrkje

Det er ikkje berre i kyrkja ein er oppteken av alt det gode og fine ein kan finna i naturen om hausten.

Styrar Rut Steinbru fortel:

– I august og september har me fokus på å hausta frå naturen. Me lagar syltetøy og saft av bær og geitrams. Me vil læra barna kvar maten kjem frå, og barna får delta i å laga mat frå grunnen av. På våren set me poteter i pallekarm, og i september hentar me dei og lagar lapskaus.

Me har heile året fokus på at barna skal bli introduserte for ulike smakar, og at dei skal få utforska smakane med alle sansane. Smakane barna blir presenterte for, er prega av dei ulike årstidene, men òg av barnehagen sitt kulturelle mangfald.




Potethenting i barnehagen.



Har geitramsen gøymt seg her, mon tru?



Geitramssuft.



*Det har vore ei gild oppgåve for alle som har vore med. Mange har glede seg til pyntinga i kyrkja.*



# Stort og smått frå kyrkjeverja sin pult

Vel overstått sommar – og velkommen til eit nytt haustsemester! Våren og sommaren har vore prega av at me er inne i eit jubileumsår for bispedømet. 900-årsjubileet har blitt markert på høgtidleg vis både i Stavanger og her på Jæren.

TEKST: JOSTEIN AARBAKKE TOLLAKSEN

I april hadde Jæren prosti Jubileumshelg med konsertar, kyrkjesafari og kveldsgudsteneste i Bryne, der både ordførar og biskop var til stades. I Stavanger har det òg vore ulike arrangement, der Time har vore representert med prest, prost, ordførar og leiar for fellesrådet. Jubileumsåret varer ut 2025.

August og september er travle månader på kyrkjekontoret. Etter nokre rolege sommarveker skal alle aktivitetar i kyrkjene våre starta opp igjen. No er det oppstart for babysong, kor, speidar, trus-opplæringstiltak og mykje anna.

Me har hatt ei tid med nokre sjukemeldingar, men frå hausten av får me inn Silje Myklebust som vikar i det som no heiter *Kirkelig undervisning og læring* (tidlegare *Trusopplæringa*). Det er flott å få inn nye folk som er klare til å bidra!

Når dette bladet går i trykken, har fleire av nettsidene våre fått ny layout og oppdatert innhald. Det gjeld [timekyrkjene.no](http://timekyrkjene.no), [timekyrkja.no](http://timekyrkja.no) og [undheimkyrkja.no](http://undheimkyrkja.no).

**Brynekyrkja.no** held fram som før.

I tillegg har gravplassmyndigheita i Time fått eigne nettsider. Tidlegare låg desse sidene under Timekyrkja sine sider, men er no flytta til ein eigen, nøytral nettstad som ikkje ligg under kyrkja på same måte.

Gravplassmyndigheita i Time er for heile kommunen – og for alle trusretningar, humanistiske tradisjonar og alle som skal ha gravlegging. Det nyoppussa bårehuset i Time blir stadig meir brukt til ulike typar seremoniar. Ved å flytte gravplassmyndigheita ut frå kyrkja sine nettsider, ønsker me å signalisera tydeleg at alle som har behov for gravferd i Time

skal få same tilbod, uavhengig av kyrkjelihøyring.

Adressa til den nye nettstaden er: [www.gravplass.no/time](http://www.gravplass.no/time)

Her finn du mykje god informasjon: komande seremoniar, seremonirom, «søk etter grav», prisar og nytig informasjon for ansvarleg for gravferda og ansvarleg for grav – for å nemne noko.

Du kan også finne bilete av gravminne på [grav.no](http://grav.no). Me legg ut fleire etter kvart, og vil gjerne ha beskjed om noko er feil – eller om du ønsker å senda inn eit nytt bilet. Dersom du ikkje er nøgd med bilet som ligg ute, er det berre å sende oss eit nytt, så legg me det inn.

Når hausten nå set inn, minner me om at det ikkje skal brukast lause lykter eller gravlys på gravene.



## «Å skille klinten fra hveten»

TEKST IVAR JOHANNESSEN

Nyleg hørde eg uttrykket brukt om ein idrettskonkurranse. Mange lag konkurrerte, og dei som tapte vart slått ut. Til slutt stod nokre få lag att. «Nå får vi skille klinten fra hveten», var kommentaren, altså sjå kven som er verkeleg flinke og kven som er mindre flinke. Uttrykket vert også brukt om å skilja det därlege frå det gode, og å sortera bort det ubrukelege frå det som kan brukast.

Uttrykket kjem frå Jesus, når han hos Matteus i kapittel 13 fortel likningar om himmelriket. Han fortel om ein mann som sådde godt korn i åkeren sin. Då det starta å spira, såg arbeidarane at det var mykje ugras blanda med kveiten, og dei ville luka bort ugraset. Eigaren meinte at dei kunne skada det gode kornet om dei reiv opp ugraset, og bad dei venta til det var tid for innhausting. Då skulle dei sortera, og samla ugraset for seg og brenna det. Kveiten skulle dei leggja på låven. Dei skulle altså «skille klinten fra hveten».

Gamle omsetjingar nyttar då ordet «klinte» i staden for «ugras».

Uttrykket er ikkje eit direkte sitat frå Bibelen og Jesus. Det har blitt laga ut ifrå innhaldet i likninga Jesus fortalte og slik folk las det i omsetjing før 1930.

PS: Nynorsk omsetjinga av 1938 nyttar ordet «svimling» i staden for «ugras». Svimling er også eit ugras, og det kan vera giftig.

## MILJØ, MØTEPLASS OG MISJON



### NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter  
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata



### FRETEX butikk Bryne

Parken senter  
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

#### Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

Telefon 400 37 151

#### Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

#### Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang". Vi har slutta med møblar.

Telefon 922 09 638

#### Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 11.00-15.00

Dette uttrykket har eg berre hørt på bokmål, altså «å skille klinten fra hveten». Det står heller ikkje i omsetjinga me nyttar i dag. Så kva er «klinten» og kvar kjem han ifrå?

I bokmål må me attende til bibelomsetjingar før 1930 for å finne «klinte». I den nyaste omsetjinga nyttar ein «ugras/ugress». Matt. 13,25 «Og mens alle sov, kom fienden hans og sådde ugress blant hveten og gikk sin vei.» Store norske leksikon fortel at klintheit er eit ugras som i tidlegare tider var vanleg i kornåkrar.



**BLIFADDER!**

[www.blifadder.no](http://www.blifadder.no)

22 94 26 00 misjonsalliansen



Vil du ha  
**Misjonstidende MT**  
**GRATIS** i postkassen?

Send SMS med **NMS MT** til 2490  
eller ring oss på 51 51 61 00.

KVARDAGSMØTE MED LIV INGUNN SERIGSTAD

## Naturglad dame med hjarta for misjon

Samtalene med Liv Ingunn Serigstad startar med ei levande skildring av pilegrimsturen ho og mannen Harald nettopp har vore med på, med skuleskipet Gann. Ho nemner givande møte med menneske, natur og landskap langs kysten, ikkje minst pilegrimsstadane Kinn og Selja. Den spreke 82-åringen fortel at opplevingsreiser i inn- og utland er viktige for dei to.

TEKST: MARGRETA JOHANNESSEN FOTO: PRIVAT



**M**en så tilbake til starten. Den trivelege dialekten røper at Liv Ingunn i utgangspunktet kjem lenger sørfrå.

– Eg er fødd på Haua, i Sokndal. Eg har alltid vore oppteken av å halda på dialekten min, sjølv om nokre ord og uttrykk no kan ha spor av eit langt liv på Bryne. Oppveksten var prega av leik og plikter for dei fem søskena. Far hadde snikkarverkstad, mor stelte høner og kyr på småbruket. Dei var ein aktiv kristen familie der det var mykje song og musikk, og engasjement for misjon og anna kristent arbeid.

Alt som 17-åring flytta Liv Ingunn til Stavanger for å gå på Telegrafskulen.

*Det var vel ein stor overgang til byliv og hybelliv?*

– Ja, men det var veldig kjekt! Me fekk lønn under skulegangen, eg klarte med sjølv, og kjende meg rik. Gode venninner fekk eg også raskt, både i byen og då eg kom i arbeid på Telegrafen på Bryne.

Då ho kom til Bryne, fann ho seg godt til rette. Her møtte ho etter kvart Harald Serigstad, dei gifta seg og fekk 4 søner saman. Medan borna var små, var Liv Ingunn heimeverande for det meste, eller hadde reduserte stillingar i ulike verksemder. Etter kvart melde lysta seg til å ta meir utdanning. Det vart gymnas, ulike NKI kurs, og fag på Distrikthøgskolen. Ein periode jobba ho og mannen 50%



kvar, for å få familieliv og studiar til å gå i hop.

*Kanskje ei litt uortodoks løysing på den tida?*

– Stemmer det, seier Liv Ingunn med eit smil. Ein del, særleg menn, var overraska over at Harald stelte med minstemann, og treivst med det!

Etter ferdig utdanning arbeidde så Liv Ingunn hos Bakers i mange år med personalansvar og som kontorleiar.

Du har eit varmt hjarta for kristent arbeid, korleis har det seg?

– Mor var aktiv i NMS foreining og i Israelsmisjonen. Eg har nok fått med meg mykje heimefrå.

Engasjementet vart enno sterkare og meir personleg då søster mi Gro Gaudestad og mannen Odd vart misjonærar på Madagaskar, og venene våre Leiv Roald og Rannveig Thu reiste til Israel.

*Enno er du aktiv på mange arenaer, kva driv du med?*

– Eg er med i Israelsmisjonen, NMS Gjenbruk, NMS-forening, syng i Jærklang, og er med i ei lesegruppe. Dessutan har eg 6 barnebarn og 2 oldebarn som eg likar å bruka tid med. Hagen trivst Harald og eg godt med å stella saman. Å arbeida i hagen og elles vera ute i naturen er enormt viktig for meg, det gir gode

opplevelingar og påfyll. Dessutan målar eg litt, akvarell og oljemåling, på hobbybasis.

*For ein energi, kva driv deg?*

– Eg likar å vera aktiv, å bidra med noko. Å setja seg ned ligg ikkje for meg. Me har hatt mange turar rundt i verda, til Kina, Colombia og Madagaskar til dømes. Me har alltid likt å reisa. Like kjekt er det å gå turar i nærmijøet, i barndomstraktene, og gå fjellturar på Hardangervidda og i Suldalsheiane. Eg har hatt min del av motgang og sjukdom også gjennom livet, og er så glad og takksam for å få nye dagar og kunna vera aktiv.

Gudstrua betyr mykje for Liv Ingunn, den har gitt ein trygg grunnvoll og himmel over livet.

Heilt konkret fortel ho om då ho etter ein periode med kreftsjukdom igjen skulle ta ein operasjon på sjukehuset. Kvelden før ho skulle opererast kom legen inn til henne, sette seg ned, og fortalte at dei ikkje kunne finna kreften dei hadde planlagt å fjerne neste dag.

– Det opplevde eg som eit under, at Gud greip inn i mitt liv. Det var veldig trusstyrkande, seier Liv Ingunn til slutt.




## NÅDE

På kontoret mitt heng eit trerelieff med utskorne bokstavar. Det er laga av ein kyndig treskjærar på Madagaskar og teksten står på gassisk. Setninga er henta frå Det nye testamente (Andre Korintarbrev kapittel 12 vers 9) og på norsk lyder den slik: «Min nåde er nok for deg».

TEKST: HANS AUSTNABERG

**D**et var Paulus som skreiv dette. Han levde på Jesus si tid og var kanskje litt yngre enn Jesus. Han hadde fått ei omfattande og streng oppseding i den jødiske trua, og då han var ung, var han overtydd om at den nye religiøse retninga med Jesustruande var ei villfaring. Av all kraft kjempa Paulus mot denne nye trua. Han gjekk så langt at han reiste heilt til Damaskus i Syria for å føra dei som trudde i lenkjer til Jerusalem og få dei kasta i fengsel. Medan han var på denne reisa stråla eit lys frå himmelen omkring han, han høyrd ei røyst som tala til han og han blei blind i tre dagar. Etter dette møtet, som Paulus var overtydd om var med den oppstadne Jesus, blei Paulus sjølv ein ivrig Jesustruande.

Denne hendinga viste Paulus innhaldet i ordet nåde, og nåde blei eit nøkkelord i Paulus sine



Min nåde er nok Gassisk tekst.

skrifter. Nåde er den uventa gledebodskapen som blir gitt eit menneske utan at han/ho har fortent det. Paulus forfølgde dei kristne, men då han fekk ein ny start, skuldast det berre nåde. Han hadde fortent straff, men fekk tilgjeving ufortent. Gud kunne gi Paulus nåde på grunn av

Jesus sin død og oppstode. Jesus blir omtala som «full av nåde» (Johannesevangeliet, kapittel 1 vers 14).

Det var Herren Jesus som sa til Paulus: «Min nåde er nok for deg». Trass i fortida si kunne Paulus stola på at han var betingingslaust tilgjeven. Det same kan du og eg.

## Å vera stille saman

### Bli kjend med sentrerande bøn i Bryne kyrkje

TEKST: LEIF HARBOE OG HEIDI STRAND HARBOE

#### Ein invitasjon:

Me lever i ei tid der mykje går i rasande fart. Nye digitale kommunikasjonsformer gjer at mange av oss blir nærest bombaderte med inntrykk nesten absolutt heile tida. Det er så mykje me skal halda oss oppdaterte om, og det er så vanskeleg å leggja det vekk.

Eg, Heidi, har før tenkt på stille

bøn som det å konsentrera seg om viktige tankar. Det nye med sentrerande bøn var for meg det å skulla i eggja vekk alle ord og alle tankar og laga plass til eit lyttande rom for indre ro. Kanskje Gud kan tala til oss på ein annan måte viss me er i ein tilstand av ro utan mange forstyrrende tankar? Kanskje gjer det noko med evna vår til å lytta at me av og til er

heilt stille. For oss har det vore godt å oppsøkja denne stilla. I kyrkja er det lang tradisjon for ro og kontemplasjon. Kanskje noko viktig er i ferd med å gå tapt for mange av oss?

Me blei kjende med sentrerande bøn på eit seminar arrangert av stiftinga Areopagos for knapt to år sidan. Me tenkjer at denne bøneforma hadde det vore fint

Bibelkveldar hausten 2025

## «I opphavet...» Å lesa Første Mosebok i dag

«Det skal bli lys!» Slik står det på første sida i Bibelen. Og dermed er me i gang med Første Mosebok - eller Opphavsboka, som ho også er kalla. Boka har høg kvalitet som litteratur, samtidig er ho ein grunnleggjande tekst i både jødisk og kristen tru. Her startar Bibelen si store forteljing om skaping og nyskaping, ei forteljing om Gud, naturen, samfunnet og mennesket.

TEKST: IVAR JOHANNESSEN

**Tysdag 14. oktober** tek Knut Holter for seg dei første 11 kapitla i Første Mosebok, også kalla Urhistoria. Dette er dei kjende historiene om opphavet til alle ting, og om vondskapen som kom inn i Paradiset. Her står det om Adam og Eva, Kain og Abel, storflaumen som øydela alt, om Noahs ark og om Babels tårn. Kva slags tekstar er dette? Og korleis skal me lesa dei?

**Tysdag 28. oktober** vil Eva Vassbø gje oss innblikk i Fedrehistoria, den andre hovuddelen av Første Mosebok, kapittel 12-50. Den handlar om patriarkane Abraham, Isak og Jakob - og om familiane deira. Og vidare den viktige historia om Josef som blei sold til Egypt. Her blir alle sider ved

menneskelivet bretta ut. Kjærleik og samliv, svik og sjalusi, løfte og håp, liv og død. Denne kvelden skal me få oversikt over dei viktigaste personane og dei mest kjende forteljingane i fedrehistoria. Kva kan forteljingane seja oss i vår tid? Har dei nokon samanheng med Det nye testamentet?

i vår tid? Me blir inviterte til refleksjon omkring kloden me bur på, og korleis me bør leva saman på jorda.

Denne kvelden vert det høve til å kjøpa bøker skrivne av Sagrusten.

Sjå annonse bak i bladet.



å dela med andre i kyrkjelyden på Bryne. Me har derfor lyst til å invitera alle som kunne ha lyst til å prøva dette til å vera stille saman med oss i Bryne kyrkje.

Litt praktisk: me sit i ring, og ber i lag, men utan ord. Det handlar om å kvila under Guds kjærlege blick - saman. Ein nyttar gjerne ein app for å halda styr på tida. Appen Centering prayer er laga med dette føremålet for auge. Ein skal ikkje presta noko som helst, bare vera der og vera stille.

Vanlegvis varer sentrerande bøn 20-25 minutt, og me vil ha

ei kort innleiing for dei som ikkje er kjende med denne bøneforma. Dersom du vil vita meir er det ein god start er å lesa om dette er på nettsida nemnt ovanfor.

Areopagos har og ei podcastrekke om truspraksisar der dei blant anna snakkar om sentrerande bøn. Dei har og ei fin innføring her: [areopagos.no/artikler/les/article/1730061](http://areopagos.no/artikler/les/article/1730061). Kikk gjerne og på nettsida til Lamberseter menighet der ein lenge har praktisert sentrerande bøn. [www.kirken.no/nb-NO/fellesrad/kirkeneioslo/menigheter/lambertseter/](http://www.kirken.no/nb-NO/fellesrad/kirkeneioslo/menigheter/lambertseter/)

[virksomhetsområder/bonn-og-stillhet/sentrerende-bonn/](#)

Det er eit miljø for sentrerande bøn i BÅDEOG i Sandnes, det har vore retreatar med sentrerande bøn på Pilegrimsgarden og Lia gård, og for interesserte vil det no vera mogleg å testa det ut her lokalt.

**Dei fyrste gongene i Bryne kyrkje** vil vera 27. oktober og mandag 24. november klokka 1900 i kirkjesalen. Me startar med ei kort innføring.

Velkommen!



## Blomar i fleng på kyrkjebakken

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD

Blomeenga ved Brynekyrkja utviklar seg fint. Dette året er det registrert over 40 ulike artar! Tidleg i vår dukka det opp både kvitveis, vårkål og kusymre. Desse blei så avløyst av ein og annan løvetann som lyste opp som små soler. Så kom dei på rad og rekke: prestekrage, jonsokblom, tiriltunge, raudkløver og fleire med dei.



Etterkvar dukka også den høgreiste og flotte kvitbladtistelen opp. Den er saman med den sjeldne jaertistelen, blant dei få tistlane som ikkje stikk deg. I tillegg til alle blomane veks det fleire arter gras. Av desse er det flott å sjå raudsvingelen som med sine raudglinsande strå svaiar i vinden.

Kvart år i månadskifte juli / august blir enga slått. Oddmund Hognestad kjem då med traktor og den gamle slåmaskinen. På denne tida har dei fleste blomane sett frø. Frå blir rista lause og fell til jorda medan gras og blomestenglar blir køyrd vekk og blir til fôr for kalvar og kyr. Det blir aldri nytta gjødsel i blomeenga. Slåtten og bortkøyringa av graset blir gjort for åarma ut jorda. Dei fleste ville blomane trivst best i skrinn jord.

Det tek tid å etablera ei naturleg blomeeng. Med naturleg meiner ein då ei blomeeng av blomar som veks vilt her på Jæren. Det er no tre år sidan kyrkjebakken blei lagt om frå grasplen til blomeeng. Utviklinga er som ynskt; meir blomar for kvart år!



### Blomar på kyrkjebakken:

- Vårkål
- Kvitveis
- Kusymre
- Løvetann
- Krypjonsokkoll
- Smalkjempe
- Engsoleie
- Gjerdevikke
- Kvitbladtistel
- Jonsokblom
- Åkertistel\*
- Hanekam
- Raudsveve
- Raudkløver
- Kvitkløver
- Kystbjørnkjeks\*
- Blåmunke
- Småengkall
- Kystgriseøre
- Landøyda\*
- Engsmelle
- Prestekrage
- Svartknoppurt
- Følblom
- Engsyre
- Høymol\*
- Ryllik
- Vanleg arve
- Krattmjølke
- Blåklokke
- Tiriltunge
- Vegtistel
- Småsyre
- Skoggråurt
- Gullris
- Blåkoll
- Engknoppurt
- Groblad
- \*Uønska, blir fjerna



## Julemess – der alle kan bidra

Sjølv om kalenderen berre viser midten av august då me møter julemessekomiteen, er det visst kort tid til jul!

TEKST / FOTO: MARGRETA JOHANNESSEN



Julemesskomiteen. Frå v. Torunn Undheim, Inger Bakke Berge, Helga Johannessen, Synnøve Hatle. Hanne Støle er også med, men var der ikkje då biletet vart tatt.

Damene fortel at dei er i gang med neste julemesserett over nyttår, men set inn skikkeleg trøkk no på denne tida.

Inger Bakke Berge, som er leiar, fortel at dei planlegg kva dei skal laga, kva dei trur vil selja, snakkar om korleis det gjekk med kakesalet, varesalet, oppsatsane osv. i fjar. Dei har ei skikkeleg «brainstorming» for å motivera kvarandre og få nye innspel.

*– Kven er det som gjer alt som skal til for å få til ei god messe?*

Det er fantastisk mange som bidreg til denne kjempedugnaden, både på førehand, sjølv dagen, og etterpå. Mange lagar ting heime, me i komiteen lagar ein god del, andre samlast til lagekveld med vener. Karendrakta er alt under brodering, den er hovudgevinst som vanleg.

*– Kva trengs til julemesse 2025, den 29. november?*  
Me treng gode varer av ulikt slag t.d. handarbeid, trearbeid, bakst av ulikt slag, ting barn kan lika å kjøpa. Og småkaker, der får me visst aldri nok!

Oppfordringa blir då:  
Set i gang og lag noko, gjerne saman med vener.  
Lag doble deigar av dine favorittmåkaker og bak åleine eller saman med nokon. Kakeboksar får ein på kyrkjekontoret.

*– Kva med dei som ikkje lagar eller bakar?*  
Me treng alltid gevinstar! Ein kan kjøpa smått eller stort som kan vera gevinst på åresal eller hovudtrekning. I fjar hadde me auksjon, det var moro!

Kanskje nokon har ting som kan passa å auksjonera bort? Nokon kan kanskje tenkja seg å sitja og selja lodd på butikken? Eller selja loddboeker til vener og kjende? Me treng også folk til å bidra praktisk på sjølve messedagen.

**Ta kontakt med Inger Bakke Berge på telefon 915 17 753 og sei kva du kan bidra med!**

Av pengane som kjem inn på julemesse går ¾ til det viktige barne-og ungdomsarbeidet i kyrkja, og ¼ til misjonsprosjekta våre.

Dersom mange gjer litt, blir resultatet kjempebra, også i år!



Nokre varer er alt klare.

# Kickoff for konfirmantar 2026

TEKST: LIV HELENE HÅLAND. FOTO: INGFRID TIME  
NÆRLAND, YNGVAR NILSEN OG LIV HELENE HÅLAND

**Stad:** RekeEvent på Sola  
**Leiarar frå kyrkja:** Ingfrid Time  
Nærland, Yngvar Nilsen, Praxedes  
Slettebø, Marit Høie Hetland, Jon Torger  
Hetland Salte og Håkon Rettedal Losvik.

Dagen før skulestart var heile konfirmantgjengen frå Bryne, Time og Undheim samla på RekeEvent på Sola. Av 145 innmelde konfirmantar, deltok nesten alle. Flokken var delt i 2 storgrupper som møtte på to ulike tidspunkt. Helgedagen fekk vera med den tidlegaste storgruppa ei stund, i fint sommarvær. Og her var det mykje å prøva seg på - der deltakarane vandra frå post til post i fargegruppa si. Dei fekk mellom anna prøva seg på mjølkespannhalding, sledetreking, tautrekking, sumobryting, trillebårkjøring med promillebriller, skigåing og øksekast. Eit vilkår for å lukkast best mogeleg, var å hjelpe kvarandre, heia på og støtta undervegs. RekeEvent stod for dei praktiske utfordringane, og på Låven handla det om kven ein stolar på, lyttar til - og om å gjera gode val. Staben stod for den delen.

Mat var det òg undervegs i programmet: dognadsinnsats frå foreldre som grilla og serverte pølser, Spørjeskjema og småkonkuransar som Trill terningen, vart det også tid til. Til slutt var det premieutdeling til beste gruppe.

Eit spørsmål vart overhøyrt: **Kva tid skal me ha neste slik konf-greie?** Opplegget såg ut til å falla i smak for dei fleste! Ingfrid kateket fortel at opplegget vart gjennomført første gong i fjor - med gode tilbakemeldingar. Me reknar med at denne dagen vart ein "snakkis" dagen etter, på første skuledag. Då kunne det vera greitt å ha noko å snakka om som ikkje galdt eksotiske feriemål, men som dei fleste hadde vore med på saman. Dette var nok ein dag som dei fleste konfirmantane vil sjå tilbake på med glede!



## Country Lights er 50 år

Country Lights ble startet i 1975 av Henning Thunheim fra Moi. Sammen med tre jærbuer og en sørlending fra Kristiansand hadde bandet sin første øvelse i Undheim Kapell i juli 1975.

TEKST: HENNING THUNHEIM

Opprinnelig fungerte bandet som backing-gruppe for det lille plateselskapet Golden Voice som hadde spesialisert seg på utgivelser av plater med kristent innhold. I perioden 1975-1977 medvirket de på flere innspillinger i denne genren.

I 1977 gav Country Lights ut sitt første album som bestod av instrumentale versjoner av kjente

kristne melodier. Fra 1978 begynte bandet å spille egne konserter både lokalt på Jæren og andre deler av Sør-Norge. Musikkstilen har hele tiden vært innenfor country – rock, og Country Lights var det første bandet i Norge som anvendte denne musikkstilen til å fremføre sanger med et klart kristent innhold.



Country Lights 1977.  
Fra venstre: Helge Johannessen, Erling Eriksen, Lars Bjarne Undheim, Arild Ask, Henning Thunheim og Henning Årstad.

Bandet spilte stort sett på bedehus, kirker og institusjoner, og i starten var den rocka countrystilen med fullt band, skarpe gitarer, steelguitar og 3-stemt sang noe uvant for mange innen de kristne miljøene. Det ryktes at det ble noen ekstraordinære møter i bedehustypene der bandet hadde vært på besøk, men det gikk seg til etter hvert, og Country Lights ble et populært innslag i forskjellige arrangementer i disse miljøene.

Medlemmene har skiftet en del gjennom årene, men fortsatt er fire av besetningen fra 1978 med:



Country Lights 2025. Fra venstre: Henning Thunheim, Lars Bjarne Undheim, Henning Årstad, Torild E. Reime, Kjell Gudmestad, Per Henry Runde og Andreas Mundal.

Henning Thunheim, Lars Bjarne Undheim, Henning Årstad og Torild Egeland Reime. I tillegg består Country Lights i jubileumsåret av: Kjell Gudmestad, Per Henry Runde og Andreas Mundal. Medlemmene kommer fra Gjesdal, Time, Hå og Klepp – et virkelig interkommunalt samarbeid med andre ord.

Den første perioden med bandet varte fram til høsten 1987. Deretter ble det en «ferie» på 20 år, og i 2007 spilte Country Lights en «Reunion»-konsert på Bryne. Responsen var så positiv at de fant ut at de ville fortsette, og siden har bandet spilt konserter et par ganger i året, stort sett på Jæren.

Fra 2013 har gruppen arrangert «Country-kveld» i Orre kirke en gang pr. år, noe som er blitt godt mottatt. Det har vært fulle hus de siste 10 årene.

Fra 2013 og frem til 2023 har «gamlepresten» i Orre, Jarle Minnesjord vært med som gjestesanger. Jarle fikk raskt ord på seg for sine flotte tolkninger av gospelsanger som var innspilt av bl.a. Elvis og Jim Reeves. For sin innsats ble han utnevnt til «Æresmedlem» i Country Lights da han sluttet som prest i Orre i 2023.

**50 årsjubileet markeres med en stor Jubileumskonsert i Frøyland/Orstad Kyrkje lørdag 18. oktober.** Her vil både medlemmene i jubileumsåret, samt Jarle Minnesjord og flere av de tidligere medlemmer delta.

Følgende album er utgitt av Country Lights:

- Instrumental (1977)
- Møt Ditt Folk (1979)
- Bli Med (1982)
- Liv i Frihet (1985)
- Live 2007 (2008)
- Nytt Lys (2011)

## I opphavet skapte Gud himmelen og jorda...

TEKST: JON TORGER HETLAND SALTE

Kor mange gonger det siste året har du teke ordet «opphavet» i din munn? Ordet er storlått, langt frå det kvardagslege og trivielle.

Bokmålsbibelen sin «begynnelse» har ikke den same lyriske klangen, spør du meg. Sjølv om opphavet til ordet «oppfav» eigentleg er det same som begynnelse, nemleg noko som tek til, eit utgangspunkt, og slett ikkje har noko med havet å gjera, har ordet alltid gjeve meg eit bilet av eit fysisk hav. Vitskapen brukar «ursuppa» for å gje oss eit inntrykk av kva slags smørje av materie og energi som for rundt i verdsrommet før solsystema danna orden ut av kaos. Midt i kaoset les me i 1. mosebok at Gud skil vatn frå vatn. Det tørre landet kjem til syn. Menneska stig fram, omgitt av dyr og planter i ein herleg hage.

Fyrste mosebok, opphavsboka, Genesis, er mykje meir enn eit statisk startpunkt. I alle femti kapittel finst menneske som på ein eller annan måte er i rørsle. Menneske som flyttar på seg: frå den trygge, gode hagen, til den trugande audemarka aust for Eden. Menneske som kjempar mot sult og tørke, stadig på leit etter vatn og føde. Menneske som elskar, hatar, forbannar og tilgir. Desse urmenneska er ikkje så forskjellige frå oss! Eg kan kjenna meg igjen i deira livslyst og pågangsmot, men også i desperasjon og håpløyse.

I boka «Fyrste mosebok – Ein livsvisjon» av Hans Johan Sagrusten får lesaren møta den stadig veksande menneskeslekta som breier seg ut for å finna ly frå alle farene syndefallet har bore med seg. I urhistoria er det sivilisasjonens spede start me møter. I vår tid derimot, ser korleis jorda vår er tyngta av årtusen med vekta av Adams etterkomrarar.

Sagrusten skapar linjer mellom det som var, og det som er. Menneska kjem så tett at ein nærest kan lukta sveitten og høyra pusten til folka i den gamle boka. Sjølv om krisene er mange, er det kanskje løftene som kjem tydelegast fram. Løftene frå ein Gud som ser Abraham, som ber han bryta opp leggja i veg, til eit løftesland, langt der borte.

Sagrustens store språklege slagkraft sprenger seg inn i desse urgamle sogene og gjer dei nye. Boka kastar deg inn i verda til Kain og Abel, Abraham og Sara, Josef og brødrene. Les du boka vil du sjå at sjølv om vår egen sivilisasjon, kultur og teknologi er milevis frå den verda patriarkane levde i, står me på mange måtar i liknande utfordringar. Korleis kan me fotast her i betongjungen aust for Eden? Kor mykje gagnar alle dei moderne babelstårna oss? Kunstig intelligens eller utflukter til Mars sprenger førestillingar om kor himmelhøgt menneskeslekta kan nå. Kva vil det seie å vera menneske i dette vilnisset? Finst det framleis ein gud som ser oss og vil at me skal bryta opp for å sjå etter løfteslandet?

I Brynekyrkja skal me setja av tre tysdagskveldar til å sjå på kva den eldgamle opphavsboka har å seie til oss (sjå annonse anna stad i bladet).



# Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: RAGNHILD HANSEN OG SILJE MYKLEBUST

## Gruppene våre er meldt inn i Søndagsskolen-Norge

Me har nå meldt dei fleste aktivitetane våre som grupper i Søndagsskolen-Norge. Her får me offentleg støtte ut frå kor mange medlemmer me har i kvar gruppe. Slik bidrar kontingenenten til at me har materiell og ressursar til dei ulike gruppene våre. Me ønsker derfor at flest mogleg av dei som blir med på aktivitetane våre melder seg inn i gruppa under søndagsskulen. Barna kan vera medlemmar i fleire grupper i søndagsskulen. De melder inn i gruppa i den vanlege påmeldinga. Husk å melde inn rett gruppe.



## BABYSONG 0-1 ÅR

Velkommen til babysong i kyrkjene våre. Tilbodet er for babyar frå 0-1 år. Me har babysong onsdagar i partalsveker i Bryne kyrkje og Lye forsamlingshus og onsdagar i oddetalsveker i Undheim kyrkje kl. 10.30 - 12.00. De vel sjølv kvar de vil melde dykk på. Me følgjer skuleruta.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



## SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Småbarnstrall er eit song og musikk tilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa born i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss. Resterande samlingar hausten 2024 vert 30. oktober og 25. november kl. 17.00.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



## 4-ÅRSKLUBB OG UTDELING AV BARNEBIBEL PÅ BRYNE, TIME OG UNDHEIM

Alle 4-åringar blir inviterte til 4 årsklubb og utdeling av barnebibel. 4-årsklubb er to samlingar med song, bibelhistorie, formingsaktivitet og litt kos. Det vert utdeling av 4 års-bibel i gudstenesta sundagen i etterkant av 4-årsklubben.

Dataar:

**Bryne kyrkje:** 13. oktober kl. 17-18 og 18. oktober kl. 11-12 + gudsteneste 19. oktober kl. 11

**Time kyrkje:** 14. oktober kl. 17-18 og 18. oktober kl. 14-15 + gudsteneste 19. oktober kl. 11

**Undheim kyrkje:** 13. og 20. november kl. 17-18 + gudsteneste 23. november kl. 10.30



## PLAN-B - AKTIVITETSDAG 2. KLASSE

14. november er det skulemøte i Rogaland og skulane har planleggingsdag. Mange treng kanskje ein Plan-B denne dagen? Då inviterer me 7-åringane frå alle tre sokn til Undheim kyrkje. Tema for dagen er «Gud skapar – Me lagar». Me skal ha aktivitet inne og ute.



NB! Det vert avgrensa tal på plassar. Invitasjonar vert sende ut.

Velkommen til ein kjekk dag på Undheim! Invitasjonar vert sende ut. Påmeldinga opnar 14. oktober kl. 08.00.

## ADVENTSKLUBB - 5 ÅR

Alle 5-åringane får invitasjon til adventsklubb i starten av desember. Ta med mor, far, ein besteforelder eller ein fadder og bli med oss og hør om kva som skjedde den aller første jula. Me skal ha ei lita adventssamling, laga noko fint til jul og så får alle kvar sin pose med julekos og boka «Julebarnet».

Dataar:

**Time kyrkje:** 2. desember kl. 17-18

**Bryne kyrkje:** 3. desember kl. 17-18

**Undheim kyrkje:** 4. desember kl. 17-18

Meld dykk på der det passar! Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



Silje Myklebust og Ragnhild Hansen Foto: Privat

## BLI TRUSOPPLÆRINGSABONNENT

Har du born som ikkje er døypte / ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på [www.kirken.no/minside](http://www.kirken.no/minside) og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.



## Hovudmål for kyrkjelig undervisning og læring

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leve livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
  - Jesus - frelsaren
  - Den heilage ande - hjelparen
- Me deler tru og undring.  
Me deler kristne tradisjonar og verdiar.  
Me deler opplevelingar og fellesskap.  
Me deler håp og kjærleik.



**HAUSTFEST I BRYNE KYRKJE**

SUNDAG 26. OKTOBER KL. 15:00

**Program:**  
Kåseri ved Olaug Bollestad  
Musikalske innslag ved «Greensax»  
Innslag frå kulturskulelevar  
Andakt ved Hans Austnaberg  
Allsong, god mat, kaffi og drøs! Kollekt

Treng du skyss, ring kyrkjekontoret seinast fredag kl. 14:00 på tlf. 51770377.

**VELKOMMEN**  
Arr. Bryne diakoniutval



## TT-koret

- Koret for tweens og teens  
5. klasse og oppover
- Torsdagar i partalsveker  
KL. 19-20  
i Bryne kyrkje




## Barnekoret i Brynekyrkja

Frå 4 år- 4 klasse

- Torsdagar i Partalsveker  
KL. 17.30
- Etter øvinga er det kveldsmat til alle i kjellaren



## Konsert i Bryne kyrkje

Måndag 3. november kl 18

Andreas Wetås Jara, cello  
Pavla Tesarová, violin  
Juraj Skoda, cello

Cellisten Andreas Wetås Jara frå Sandnes har med seg vene fra Tsjekkia og Slovakia, alle tre på eit høgt musikalsk nivå. Musikarane ønskjer å presentera sine favorittverk frå dei 3 landa dei kjem frå. Programmet inneholder alt frå norske folketonar til kjende stykke av Grieg og Dvorak. Vel møtt!

Konserten varer ca. 40 minutt og er gratis.  
Rett etter konserten er det «Open kyrkje» i kyrkjesalen og «Open kyrkje-kafé» i kyrkestova i kjellaren. Alle



er velkomne etter konserten. For meir informasjon om dette, sjå annonsane under her.

## Velkommen til OPEN KYRKJE



Alltid første måndag i månaden kl. 18:00-20:00.  
Kveldsbøn kl 19:00

6. oktober  
3. november, kl 18.40 Mrk. tida!  
1. desember.  
Mrk. endra tidspunkt for 3. november!  
Då startar Open kyrkje kl 18.40, pga.  
konsert kl 18.00, du er velkommen til konserten først!

Stad: Kyrkjesalen i Bryne kyrkje.  
Brynekyrkja vil gje rom for bøn, ro og ettertanke. Kyrkjesalen er open. Det kan vera godt å koma saman i kyrkja.  
Kvar gong vert det gjennomført ei felles kveldsbøn kl. 19:00. (Open kyrkje i kyrkjesalen er samtidig med at det er Open-kyrkjekafé i kjellaren, for dei som ønskjer å få med seg begge delar.)

## Open-kyrkje-kafé

Kyrkestova i Bryne kyrkje kl. 18:00-20:00. Alltid første måndag i månaden. Dei neste datoane er:

**6. oktober:** Enkelt program, info kjem, følg med på annonsering



**3. november:** Kl. 18:40 Merk tida!  
(Konsert kl. 18:00-18:40)



**1. desember:** Markering av jula med riskrem, julekaker og enkel underhaldning

Me opnar opp kyrkestova i kjellaren i Brynekyrkja til Open-kyrkjekafé. Med dette inviterer me til ein triveleg møteplass der ein kan få seg ein kopp kaffi og nokon enkelt å eta. Kom gjerne innom dersom du synest dette høyrest gildt ut, og ta gjerne med deg fleire. Kanskje treff du nokon nye folk?

Arr.: Diakoniutvalet i Brynekyrkja

# Bibelkveldane i Bryne kyrkje

Temaet for hausten 2025 er: «I opphavet...»

- Å lesa Første Mosebok i dag

Det vert eit innlegg kvar kveld, og ein liten kaffipause.



## Program

14. okt. kl. 19.00-21.15

Tema: Urhistoria. Om alle tingene opphav, paradis, synd og redning

Foredragshaldar: Knut Holter, professor NLA Høgskolen

28. okt. Kl. 19.00-21.15

Tema: Fedrehistoria. Om patriarkane

Foredragshaldar: Eva Vassbø, sokneprest i Riska

11. nov. kl. 19.00-21.15

Tema: Samtidstolking. Korleis kan me forstå Første Mosebok i dag?

Foredragshaldar: Hans Johan Sagrusten, forfattar, bibelbrukskonsulent og bibelomsetjar



## Julemesse i Bryne kyrkje

LAURDAG 29. NOVEMBER 2025

KI 11.00 SALSMESSE • KI 18.00 JULEMESSE-FEST

Tale av sokneprest Yngvar Nilsen

Song av DeKor

Elevar frå kulturskulen deltek

Ivar Johannessen: MC-turist på Madagaskar

Åretrekning og hovudtrekning

Kaffi, smørbrød og kaker

Inntektene går til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid, og til kyrkjelyden sine misjonsprosjekt for NMS og Den Norske Israelsmisjon.

VELKOMMEN!  
Bryne sokneråd



## Syng med oss på fest i kjærka

Bryne kyrkje fredag 17. oktober kl 19.00

Frimenn og Ole Dagfinn Sky blir med.

Kveldsbasar, allsang og bevertning

Alle velkomne! Arr:

Time sjømannskirkeforening



Vil du gi en gave  
til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis  
du vil den skal gå til noe  
spesielt.

[www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)

## Velkommen til Torsdagstreff

Triveleg samvær i kyrkja for  
målgruppa +/- 60. Bryne  
kyrkje kl. 14:30-16:30.

### Dataar for hausten 2025:

16. oktober

Ole Lilleheim fortel om «Åpne dører»  
Matservering, songstund og andakt

20. november

Reidun Mattingsdal Alvsåker  
«Mitt liv i Frelsesarméen»  
Matservering, songstund og andakt



## Sundagstreff i Bryne kyrkje

### Sundag 19. oktober

Vanleg Sundagstreff, kl. 18:00

### Måndag 10. november

Gudstenesteverkstad, kl.17.00

### Sundag 16. november

Gudsteneste med Sundagstreff og Bankers. kl. 11:00

### Sundag 14. desember

Vanleg Sundagstreff, kl. 18:00

#### PROGRAM:

Kl.18:00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i kyrkjestova  
Kl.19:00: Gudsteneste i kyrkjesalen.  
Arr. er tilrettelagt for alle funksjonsnivå.

## Innvandartreff hausten 2025

Bryne kyrkje kl 19:30 – 21:00

7., 14., 21. og 28. oktober

4., 11., 18. og 25. november

2. og 9. desember

NB! Er du nysgjerrig og vil  
vita meir? Ta kontakt med  
diakon i Time: Maria  
Praxedes Slettebø  
mobil: 980 28 690



## FEST I GUDS HUS

Til alle born frå 3. klasse og oppover...

Likar du å synga og/eller dansa? Då kan du bli  
med på eit veldig kjekt prosjekt i Bryne kyrkje.

Sundag 14. desember kl. 11:00 skal me framføra «Fest  
i Guds hus» i Bryne kyrkje. Det er ei messe skrive av  
Skeie/Knutson, forma som ei familiegudsteneste der  
adventstida får klinga ut med fest og forventning som  
førebuingstid før jul.

Messa er eit samspel mellom vaksenkoret Jærklang,  
barnekor, songsolistar, dansarar og instrumentalistar.

Nå søker me etter born frå 3. klasse og oppover som  
vil vere med i dette prosjektet. Barnekoret og borna si  
deltaking er svært viktig i opplegget.

#### Tidspunkt:

Borna kjem til å bruka nokre  
tysdagar/fredagar rett etter skuletid for å øva inn borna  
si song/dans/deltaking. Desse øvingane blir i november/  
desember (nøyaktige tidspunkt kjem etter påmelding).  
Då kan dei koma rett frå skulen, og me startar alle  
samlingane med bollar og saft. I tillegg til borna sine  
eigne øvingar, vert det:

Laurdag 13. desember kl.10.00 Felles generalprøve med  
alle aktørar

Søndag 14. desember kl.11.00 Framføring

**NB: Det er påmelding til barnekoret. Gje beskjed til  
Marit på mh336@kirken.no eller mob. 911 63 039.  
Håpar du vil vera med.**



## Er du vår nye ungdomsarbeidar?

**Det er ledig stilling som ungdomsarbeidar i 30% på Lye forsamlingshus. Det er ein fleksibel stilling som fint kan kombinerast med anna arbeid eller studiar.**

Viss du er glad i å vera saman med ungdom, ønsker at ungdom skal få bli betre kjende med Jesus, og kan tenka deg å arbeida for eit godt ungdomsmiljø, så kan dette vera stillinga for deg!

Du kan lesa meir om stillinga på Lye forsamlingshus si facebookside, eller ta kontakt med dagleg leiar, Frode Skårlund, på fs487@kirken.no eller 48997102.

**SALMAR OG LOKAL KYRKJEHISTORIE**  
KULTURVELD I TIME KYRKJE  
28. SEPTEMBER KL. 19:00

KORGRUPPA SHALOM  
KULTURSKULELEVAR  
TROMPET: RAGNHILD KVITVÆR  
MUNNSPEL: ANNE KRISTINE RØTHING  
ARNE BERGE: OM ALTERTAVLA OG KYRKJA  
STEIN ØDEGÅRD: ORD TIL ETTERTANKE  
FILMEN "PRESTAVEGEN VESTOVER"  
AV LEIV TAFJORD  
KAFFI OG DRØS ETTERPÅ

ARR: SØKNERÅDA OG TIME HISTORIELAG I SAMBAND  
MED 900-ÅRSJUBILEET FOR STAVANGER BISPEDOMME.



**Velkomen til Allehelgensprogram i Time kyrkje – 1. november**

**Open kyrkje kl. 11.00–14.00.  
Program i kyrkjesalen kl. 12.00–13.00**

### Tenn eit lys – finn ro og ettertanke

Dagen før Allehelgessøndag er ein dag der mange oppsøker gravplassen for å minnast sine kjære. Difor held vi kyrkja open denne dagen, slik at alle som ønskjer det kan få koma inn og bruke kyrkjerommet til stille refleksjon og minne. Her kan du sitja i ro med eigne tankar, og det vil vera moglegheit for samtale med nokon frå kyrkjelyden. På kyrkjetorget – tilbygget til kyrkja – vil det vera ei varmestove med kaffi og noko å bita i. Her kan du tenna eit lys til minne om den du har mista, og det vil også vera eit bord med litteratur som kan gi støtte og hjelp.

### Ord og tonar til håp og trøyst

Kl. 12.00–13.00 inviterer vi til ei samling i kyrkjesalen med diktlesing ved Inger Birgitte Kverneland og orgelmusikk ved Per Olav Egeland. Temaet for samlinga er «Ord og tonar til håp og trøyst» – ei stund for ettertanke og fellesskap.



**Fredagskveld på Kyrkjetorget  
Time kyrkje**

**14.november kl. 19.30**

**Kveldens gjest:  
Ola Risa**

Torvald Tjåland saxofon

Fredagskveldane på Kyrkjetorget er samlingar med tid til drøs, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som me set på fellesbordet.  
Komitéen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomitéen

## Julemesse i Fotland bedehus

**Laurdag 28. og 29. november 2025**

Kristoffer Ueland talar på alle møte, og songarar deltek.  
Fredag kl. 19.00 Kvitsøykarane  
Laurdag kl. 11.00 Nærø musikklag  
Laurdag kl. 13.30 Fotland Jenteforening  
Basar, lynlodd, varesal, mat m.m.  
NLM



## STRIKKECAFÉ På Lye forsamlingshus

Torsdagar 19.30–21.30

**2025:** 25. september, 23. oktober og 27. november

**2026:** 22. januar, 12. februar og 19. mars

## Misjonskafé med lynlotteri

**Laurdag 1.november kl. 16.00,  
Lye forsamlingshus**

Barnegospel

Leah og Kristian Tjemsland fortel og viser bilde frå misjonsarbeidet i Carlisle, England.

Stort lynlotteri, kafé og salsbod

God tid til mat og prat!

Velkommen til små og store, unge og gamle!

All inntekt går til NMS, Det Norske Misjonsselskap  
arr. Lye NMS-misjonsforening



TEKST: ROLF HESKESTAD FOTO: HARALD LYGRÉN

## HEILO

«Til deg, du hei og bleike myr med bukkeblad,  
der hegre stig og heilo flyr, eg gjev mitt kvad»

Det er tydeleg at Arne Garborg heldt av heiloa. Denne flotte fuglen kunne ein før sjå over heile Jæren. Heilo likar seg godt i lystheier, og det var det mykje av her på våre kantar om ein går nokre generasjonar tilbake i tid. Nydyrkning har pressa heiloa austover. På Høg-Jæren kan du framleis vera heldig å få sjå denne staselege fuglen. Oftast høyrer du først dei melankolske fløyte-tonane. Får du auge på heiloa, vil du for alltid hugsa den heilt spesielle fjørdrakta; ryggen med gullgule prikkar og det svarte brystet som er omkransa av eit kvitt band. Om hausten forsvinn dei markerte trekka på brystet, og heile fuglen blir meir einsfarga i bruntonar.

Heiloa høyrrer til vadefuglane, men maten finn ho helst på tørt land. Ho et insekt og edderkoppar, men om sommaren et ho like gjerne bær og frø.



Om hausten trekker ho til noko varmare strok som den finn i Vest-Europa. Før fuglane dreg i veg, samlast dei gjerne i flokkar på kjelver nær sjøen. Då kan ein ynskja dei god tur og seia at dei er velkomne tilbake når vårsola igjen i bakkane blenkjer.


## Hjernemetri

### HelgeKryssord 4/25

LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

#### Vassrett

1. Eit nytt bod (joh.13)
10. Redsle
16. Gjer mør
18. Som ser levande ut
20. Stråling (fork.)
21. Fast
22. Roa
23. Konjunksjon
24. Prata tull
26. Kamp
28. Kvile
29. Fjell
30. Vokalar
32. Spelmann
33. Flagget
35. Verkstad
36. Tidseiningar
38. Fred
39. Likt begge vegane
40. Stroke utover
41. Lik verdi
42. Skip
43. For eksempel (fork.)
44. Festemiddel
45. Kvinnenamn
46. Milliarddel
48. Vis arbeidar
49. Fuglar
50. Elte
51. Blokk



#### Loddrett

1. Lengdemål
2. Samrøystes
3. Strontium
4. Saltomortalar
5. Prisa
6. Auke i omfang
7. Nabobokstava (omv)
8. Skriftgrad
9. Behandlingsmetode
12. Tidsepoke
13. Fingra
14. Godlåt
15. Rund
16. Kolle
17. Ga utslag
19. X
23. Bremsesystem
25. Lemmane
26. Spinka
27. Merka
34. Klagar
37. Nettbrett
40. Listig
47. Elv



Løsing til Helgekryssord 3/25



# Barnas

#### Labyrint

Kan du hjelpe gutten gjennom labyrinten slik at han kan gi fiskane og brøda sine til Jesus?



#### Vits

- Veit du kor mykje klokka er?
- Ho er i alle fall ikkje fire.
- Korleis veit du det?
- Jo, for eg skulle vere heime klokka fire, og det er eg jo ikkje.

Teikningar: CLAUDIA CHIARAVAILOTTI

#### KRYSSEORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen  
på internett også!  
Sjå [bibel.no](http://bibel.no)

Bygning i  
Lukas 2,46

Disippel i Johannes  
20,26

Bær i Matteus 7,16

4. Landområde i Markus 16,7

5. Tal i Matteus 26,15



#### FARGELEGG

Her gir nokon barn to fiskar og fem brød til Jesus. Jesus brukte det til å gi mat til 5000!



Gi bladet Barnas  
til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00






#### Vits

Mannen tok  
på seg reine  
sokkar kvar dag.  
Til slutt fekk han  
ikkje på seg  
skoa ...



Sondagsskolen - mer enn du tror



## GRAVLAGDE

**Februar**  
Astrid Frøyland  
Kari Myhrvang

**Mars**  
Magnus Søyland  
Stein Magne Birkeland  
Eli Genthner Haugstad  
Bjørg Marit Bjørnevik  
Evy Stokke  
Målfrid Time  
Paul Leif Kaldheim  
Geir Magnar Høiland  
Kenneth Berge Merkesnes

**April**  
Åse Bakken  
Lilly Undheim  
Geir Ståle Fjermestad  
Torleiv Søyland  
Olene Jakobsen  
Reidun Gimre Håland  
Lise Villefrance Hansen  
Hildur Karin Frøyland  
Roar Magne Bore  
Bjørg Hetland  
Rannveig Fitje Thu

**Mai**  
Sigrunn Haugland  
Asbjørn G Undheim

**Juni**  
Svenn Tveit  
Ingrid Ødegaard  
Arne Fosse  
Kari Ødegård Bohne  
Ingunn Aase  
Sigrunn Vervik

**Juli**  
Anna Riskjell  
Nora Holen  
Torill Stangeland  
Garman Salte  
Ragnar Osvald Karlsen  
Steinar Lauritz Risa  
Solveig Olene Tjøtta

**August**  
Hans Birger Villefrance Hansen  
Kenneth Hagen  
Rita Laland  
Arnfinn Håland

## VIGDE

**BRYNE KIRKJE**

05.04.2025 Camilla Ødegård og Joakim Hartvedt

23.08.2025 Kristine Årslund og Atle Årslund

**TIME KIRKJE**

12.04.2025 Åsne Stensland og Kristian Stensland

03.05.2025 Ingrid Norum Vinningland og Nikolai Norum Hansen

24.05.2025 May Louise Jensen Berge og Hans Jørn Jensen

31.05.2025 Signe Marie Abelsnes og Øyvind Svenning

07.06.2025 Rebecca Meling og Aleksander Meling

14.06.2025 Anne Thu og Ole Kristian Frøyland

21.06.2025 Torlaug Storhaug Auestad og Jone Bjerkreim Kleppa

Kristin Norheim Finnesand og Hans Finnesand Undheim

Thea Braut og Lyder Braut Åshild Sønnesyn Willmann og Lasse Stein Flathaug

Søgaard

Astrid Håland Pollestad og Berge Ohm

Henriette Nessa Bjørnevik og Maren Sjaamo

09.08.2025 Aasne Tobiassen og Joel August Tobiassen

Henny Jordet og Tormod Jordet

23.08.2025 Johanne Løge & Jostein Skadberg

Kristine Årslund & Atle Årslund

Mari Vigre & Helge Risa

Tabea Naemi Herter & Steinar Taksdal

**UNDHEIM KIRKJE**

31.05.2025 Åse Eikeland og Ingvar Breivik

**FORBØNSHANDLING**

26.07.2025 Mayara Verçosa de Oliveira og Arne Johan Pollestad

## DØYPTE

**BRYNE KIRKJE**

23.02.25 Hermine Slettebø

16.03.25 Grete Aase

30.03.25 Troy Severson Tjessem

Mira Hjrnevik Johannessen

Sonja Oftedal

Tobias Ausdal

Olivia Prestegård

Karl Dyrvik

Ida Dyrvik

Ronja Hovland Nevland (Brekko)

Odin Solberg Garborg

Ariel Aarthun

Leah Irene Strand Stangeland

Herman Sikveland

Håp-Amalie Horve Sandberg

Isabella Omland Stokkaune

17.08.25

TIME KIRKJE

23.02.25 Enok Vinsevik Unhjem

22.03.25 Sander Ødegård

Nora Barvik

Hedvig Aase Gya

Theodor Bjunes Olsen

Ella Nystrøm-Pedersen

Wilmer Fuglestad Gya

Johan Jehangir Sirevaag

Fredrik Kristoffer Fotland

Jakob Byberg

Embla Hagen Lura

Pelle Skretting Sørensen

Isak Mellemstrand

Ola Ueland

Elea Rosseland Volden

Selma Kro Hegre

Agnes Christiansen Kolstad

Otela Tvedt

Herman Haugstad Eliassen

Henrik Tjemsland

Magnus Egeland Hadland

Torfinn Njærheim

Viktor Fagerland Døvik

Hjalmar Johannessen Gausland

Synnøve Helland Grødem

David White Sigurdsen

Anna Michalsen Kvinaug

Vetle Iversen Tegle

Frøya Sinnes Haugland

Henriette Viktoria Johnsen

10.08.25

UNDHEIM KIRKJE

30.03.25 Rebekka Bjørkmo

Troy Severson Tjessem

Ellinoor Stokka Kaarvaag

17.08.25

## LYE FORSAMLINGSHUS

02.03.25 Alba Gundersen  
Lykke Oline Kristensen-  
Myrtvedt  
11.05.25 Emma Amalie Hov Rørheim

## BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

20.04.25 Livar Skretting Heenes  
Ålgård kirke  
Vetle Asheim  
Julebygda kapell  
Olivia Vatne Kemzura  
Klepp kyrkje  
01.06.25 June Marie Høyland Pollestad  
Orre kyrkje  
Johannes Mølstre  
Julebygda kapell  
Jøran Kolnes Furuseth  
Ræge kirke  
Julie Synnøve Reiersen  
Varhaug kyrkje  
20.07.25 Torstein Solli Pettersen  
Sokndal kirke  
Ordin Bjelland  
Ålgård kirke



**3. GENERASJON BEDEMANN**  
*Aase*  
Begravelsesbyrå  
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102  
**24 TIMERS VAKTTELEFON**

**NOVA**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
**51 61 04 00 - døgnvakt**  
[www.novabegravelse.no](http://www.novabegravelse.no)



## Velkommen til Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne.  
Gruppene er livssynsopne.

Det finst tilbod om å delta i sorg-støttegrupper etter at ein har mista ein av sine nærmaste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med:  
diakon i Bryne: mh336@kirken.no  
diakon i Time og Undheim: ps453@kirken.no  
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77.

Velkommen til å melda deg på.

<b>EiendomsMegler 1</b> JERMEGLEREN Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634	<b>Jæren GulvAS</b> Maler- og gulvarbeid <a href="http://www.jaengulv.com">www.jaengulv.com</a>	<b>REMA 1000</b> Håland
<b>EL-TEAM</b> Elektroentrepreneur Morenafaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: <a href="mailto:firmapost@el-team.net">firmapost@el-team.net</a> <a href="http://www.el-team.net">www.el-team.net</a>	<b>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</b> <b>ek Glassmesterforretning</b> Einar Knutsen as Postboks 149, 4340 Bryne Tlf. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180	<b>SjekkPunkt</b> SILVERSTØP <a href="http://www.sjekkpunkt.no">www.sjekkpunkt.no</a> 4000 6447 <b>LYE BIL AS</b> Prestegardmarka 1 4340 Bryne
<b>TIME ELEKTRO AS</b> når resultatet er viktig	<b>e i k h i</b>	<b>Bøgh Hafoo</b> BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT
<b>PRIVATMEGLEREN</b> Torgata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 - <a href="mailto:jæren@privatmegleren.no">jæren@privatmegleren.no</a>	<b>Renovasjons-service as</b> Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44	<b>haver__</b> Haver Advokatfirma AS Hetlandsgrt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50
<b>DEN NORSKE KYRKJA</b>	<b>SpareBank SR-BANK 1</b>	
<b>OPTIKK&amp;SYN</b> Jubileum 2014-2024 Storgata 40 Bryne - Tel: 51 48 80 04	<b>Alt innen datahjelp</b> -hjem på døren til private & bedrift Tlf 51485000 <a href="http://www.datahjelpen.it">www.datahjelpen.it</a>	<b>jæren</b> sparebank
	<b>Rogalandshus</b>	<b>Bonde Kompaniet</b> Butikk i Jupitervegen 4, 4340 Bryne. Tlf. 480 10 878

**VI TRENG FRIVILLIGE.**


Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir meinig.



**KIRKEN SOS**



<b>Søndag 5. oktober</b>	<b>17. søndag i treeiningstida</b>	<b>Mark 5,35-43</b>
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste
		Dåp, søndagsskule
		Dåp, nattverd, søndagsskule
<b>Søndag 12. oktober</b>	<b>18. søndag i treeiningstida</b>	<b>Mark 1,40-45</b>
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste
		Nattverd, Føredrag av Kirsten Jæger Fjetland: "Å ta i veg"
		Pilegrimar si erfaring i møte med folk og ferdsselsvegar.
		Musikk: Jærklang
<b>Søndag 19. oktober</b>	<b>19. søndag i treeininga</b>	<b>Luk 9,57-62</b>
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste med familieliefokus
		Nattverd
		Utdeling av 4-årsbok
<b>Laurdag 25. oktober</b>	<b>Laurdag etter 19. søndag i treeiningstida</b>	<b>Luk 9,57-62</b>
Time kyrkje	12:30	Dåpsgudsteneste
		Dåp
<b>Søndag 26. oktober</b>	<b>Bots- og bønnedag</b>	<b>Luk 15,11-32</b>
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste
Undheim kyrkje	11:00	Gudsteneste
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste
		Ope for dåp
		Søndagsskule
		Nattverd, søndagsskule
<b>Søndag 2. november</b>	<b>Allehelgensdag/Minnedag</b>	<b>Luk 6,20-23</b>
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste
		Nattverd
		Nattverd, søndagsskule, Jærklang
<b>Søndag 9. november</b>	<b>22. søndag i treeiningstida</b>	<b>Luk 10,25-37</b>
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste
		Dåp, søndagsskule
		Nattverd, ope for dåp
		Dåp, nattverd, søndagsskule, misjonsvindu
<b>Laurdag 15. november</b>	<b>Laurdag etter 22. søndag i treeiningstida</b>	<b>Luk 10,25-37</b>
Time kyrkje	12:30	Dåpsgudsteneste
		Dåp
<b>Søndag 16. november</b>	<b>23. søndag i treeiningstida</b>	<b>Matt 24,35-44</b>
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste
		Nattverd
		Dåp, Bankers deltek, søndagsskule

# Velkommen til kyrkje

Følg med på [www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no) eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.



Velkommen til  
gudsteneste



Skyss til gudstenesta  
Bryne kyrkje:  
Jonas Frøyland  
mob.nr. 41300468  
Ring før kl 10.00

Søndag 23. november	Kristi kongedag	Joh 9,39-41
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste	Nattverd
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste	Nattverd, ope for dåp
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste med familiefokus	Nattverd
Bryne kyrkje	19:00 Kveldsgudsteneste	Nattverd, føredrag ved Einar Vegge: Å utforska mysteriet Musikk: Mari Ask Helland
Søndag 30. november	1. søndag i adventstida	Matt 21,1-11
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Bryne kyrkje	18:00 Lysmesse	Nattverd, speidarane deltek
Søndag 7. desember	2. søndag i adventstida	Joh 14,1-4
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste	Nattverd, ope for dåp
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste	Dåp, søndagsskule

Dáp

## Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på [time-kyrkja.no](http://time-kyrkja.no).



DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim